

Fra: Stensvand, Haavard <haavard.stensvand@statsforvalteren.no>

Sendt: 29.08.2023 12:51:43

Til: Martin Kramprud Lundgård <Martin.Kramprud.Lundgard@Askvoll.kommune.no>, eystein.venneslan@askoy.kommune.no, Bjørnar Fjellhaug <bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no>, Rådmann Bømlo <Kjetil.Aga.Gjosaeter@bomlo.kommune.no>, magnus.steigedal@eidfjord.kommune.no, filippo.ballarin@etne.kommune.no, Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>, Gjermund Hagesæter <gjhag@fitjar.kommune.no>, Rådmann Gloppen <anders.skipenes@gloppen.kommune.no>, Gjermund Flage <Gjermund.Flage@hyllestad.kommune.no>, Øyvind Bang-Olsen <Oyvind.Bang-Olsen@kinn.kommune.no>, Skartun Jarle (jarle.skartun@luster.kommune.no) <Jarle.Skartun@luster.kommune.no>, Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>, Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>, tommy.johansen@stord.kommune.no, Rådmann Tysnes <steinar.dalland@tysnes.kommune.no>, Rådmann Voss <arild.m.steine@voss.herad.no>
Kopi: Furøy, Christer Thomassen <christer.thomassen.furoy@statsforvalteren.no>, Hoel, Marte Raknerud <marte.hoel@statsforvalteren.no>, Bakketun, Oliva Marie <oliva.bakketun@statsforvalteren.no>

Emne: Kartlegging av kapasitet til å innkvartere eit potensielt sterkt aukande tal flyktningar

Hei

Eg viser til orientering i teamsmøte 25. mai, 22. juni og 24. august, og e-post frå oss av 5. juli (sjå vedlegg), om oppdraget om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktningar. Bestillinga frå nasjonale styresmakter er å levere eit konkret oversyn over kapasitetar til å innkvartere flyktningar i Vestland i ein akutt situasjon. Vi er difor avhengig av at alle kommunane kartlegg sine kapasitetar.

Fristen for innsending frå kommunane var 23.august. Dykkar kommune er blant dei som ikkje har sendt inn svar på kartlegginga, eller sagt at de ikkje har relevante innkvarteringskapasitetar. Som eg sa i møtet sist torsdag, betyr manglande svar (eller heilt manglande kapasitet) berre at utfordringane for dei andre kommunane aukar tilsvarande.

Vi vil difor kalle inn til møte torsdag 7. september kl. 09.30-11.00, for å høyre kva som må til for å gjennomføre kartlegginga i dei kommunane som ikkje har fått gjennomført den, eller absolutt ikkje har funne relevante kapasitetar. Føremålet er å diskutere korleis alle kommunane kan kome i mål med kartleggingsoppdraget, høyre om eventuelle utfordringar med arbeidet, eller om de har spørsmål til oppdraget som vi kan hjelpe dykk med å svare på.

Eg håpar difor at det er nokon som kan representere dykk på møtet (eller aller helst sende eit svar på kartlegginga). Eg sender kalenderinvitasjonen til dykk, så får de eventuelt sende den vidare til andre i organisasjonen.

Viss de har konkrete spørsmål til gjennomføringa av kartleggingsoppdraget, kan de ta kontakt med Christer (christer.thomassen.furoy@statsforvalteren.no – tlf. 930 89 570)

Haavard

Haavard Stensvand
fylkesberedskapssjef



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 30 10

Mobil: 91 57 74 32

E-post: haavard.stensvand@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl